



# Forvaltningsmål for hjorten på Haugalandet 2018 - 2023



Sveio, Haugesund, Karmøy, Tysvær, Bokn, Vindafjord, Etne, Sauda og Suldal Kommune

# Målsetjing for bestandsutviklinga framover:

- Auke gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden
- Forbetre kjønnsbalansen i bestanden
- Auka slaktevekt på kalvar og ungdyr
- Auka produktivitet i bestanden

**Det er både kommunen og jaktrettshavarane sitt ansvar å styre bestandsutviklinga hos hjort. Hjort representerer ein stor økonomisk ressurs, men kan og påføre samfunnet og einskilde store kostnader.**

- *Kommunen skal setje rammene for forvaltninga gjennom å vedta mål for utviklinga av hjortebestandane. Dette bør samordnast med nabokommunar om dei har felles hjortebestandar.*
- *Jaktrettshavarane skal drive forvaltninga av hjortebestandane gjennom bestandsplanar.*
- *Jegeren er viktigaste reiskapen både for å gjennomføre planane ved å ta ut det tal dyr som er fastsett av riktig kategori (alder og kjønn) og for å kunne evaluere måloppnåinga gjennom innsamling av Sett hjort data.*

**Det interkommunale Hjorteviltutvalget for Haugalandet** er ei samanslutning for å få til ei samordna hjorteforvaltning i området. Kommunane Sveio, Haugesund, Karmøy, Tysvær, Bokn, Vindafjord, Etne, Sauda og Suldal er med i samanslutninga.

Hjorteviltutvalget vedtok i 2013 – «Hjorteviltplan for Det interkommunale Hjorteviltutvalget 2013 – 2015». I denne planen var det konkretisert ei rekkje mål for utviklinga av hjortebestanden i regionen. Denne rapporten tek føre seg dei ulike måla det var semje om, og vurderer utviklinga i perioden. Den presenterer også tilrådingar for forvaltninga av hjorten i regionen vidare framover dei fyrste 5 åra.



# Innhald:

## 1: Bestandsutvikling

- 1:1 Fellingsstal
- 1:2 Ulik besstandstettleik innan regionen
- 1:3 Vurdering av bestandsutvikling for regionen samla

## 2: Måloppnåing for avskyting i høve føregåande plan

- 2:1 Mål for avskytingstal
- 2:3 Måloppnåing for kjønnsbalansen i jaktuttaket

## 3: Sett Hjort

- 3:1 Datagrunnlaget - dårleg oppslutnad om Sett hjort
- 3:2 Sett hjort pr jegerdag
- 3:3 Sett kolle pr bukk
- 3:4 Sett kalv pr kolle
- 3:5 Jakttrykk

## 4: Slaktevekter for kalvar og ungdyr

- 4:1 Datagrunnlaget
- 4:2 Gjennomsnittlege slaktevekter for kalvar
- 4:3 Gjennomsnittlege slaktevekter for ungdyr
- 4:4 Måloppnåing for slaktevekter

## 5: Påkøyringar av hjort

## 6: Overvåkingsprogrammet for hjortevilt

- 6:1 Reduserte slaktevekter
- 6:2 Redusert reproduksjon
- 6:3 Bestandsstorleiken
- 6:4 Kjønnsbalanse

## 7: Tiltak for å møte utfordringane for hjortebestandane

- 7:1 Auke andelen kalv i jaktuttaket
- 7:2 Redusere andelen spissbukk og bukk i jaktuttaket
- 7:3 Ha ei overvekt av hodyr i jaktuttaket
- 7:4 Auke det totale jaktuttaket

## 8: Utfordringar i høve forvaltninga

- 8:1 Etablere samarbeid om bestandsplanar
- 8:2 Bestandsplanområde
- 8:3 Auka oppslutnad om Sett hjort registreringane

## 9: Mål for bestandsutviklinga framover

- 9:1 Delmål
- 9:2 Fordeling av jaktuttak

# 1: Bestandsutvikling

## 1:1 Fellingsstal

Fellingstala vil over tid kunne sei noko om bestandsutviklinga. Dette i lag med tildelte fellingsløyve og fellingsprosenten vil på kortare sikt kunne sei noko om bestandsutviklinga. Fellingsprosenten vert rekna ut på bakgrunn av kor mange av tildelte fellingsløyve som vert felt.

## 1:2 Ulik bestandstettleik innan regionen:

Kor mange hjort som vert felt i høve det teljande arealet innan kvar kommune gjev indikasjonar på bestandstettleiken lokalt. Som ein ser av tabellen nedanfor er det her veldig stor skilnad mellom dei ulike kommunane innan regionen. Skilnaden er så stor at det må vere ulik praksis mellom kommunane for korleis ein fastset det godkjende areala til valda. Hovudregelen for godkjenning av teljande areal er at produktiv skog, myr og andre arealtypar under skoggrensa som er av betydning for hjorteviltet skal leggjast til grunn. Areal som er omdisponert til andre føremål enn LNF skal trekkjast ut frå det teljande arealet.

Sveio kommune har godkjent eit teljande areal som er nesten like stort som kommunen sitt totale landareal slik at tal felte hjort her i høve det teljande arealet truleg ikkje gjev eit rett bilete av bestandstettleiken.

Ein skal såleis vere litt forsiktig med å samanlikne tala for felte hjort i høve det teljande arealet direkte mellom alle kommunane innan regionen. Det ser likevel ut til at bestandstettleiken i Etne, Vindafjord, Tysvær og Sveio er noko større enn i dei andre kommunane.


| Kommune    | Teljande Areal | Totalt land areal | Tildelt 2017 | Felt hjort 2017 | Fellings % | Teljande areal pr. felt hjort |
|------------|----------------|-------------------|--------------|-----------------|------------|-------------------------------|
| Etne       | 244583 daa     | 693300 daa        | 493          | 406             | 82         | 602 daa                       |
| Sveio      | 201783 daa     | 246100 daa        | 212          | 133             | 63         | 1517 daa                      |
| Haugesund  | 21443 daa      | 68370 daa         | 12           | 9               | 75         | 2383 daa                      |
| Karmøy     | 108 034 daa    | 229950 daa        | 34           | 26              | 76         | 4155 daa                      |
| Bokn       | 33168 daa      | 47170 daa         | 21           | 8               | 38         | 4146 daa                      |
| Tysvær     | 353239 daa     | 425410 daa        | 455          | 301             | 66         | 1174 daa                      |
| Vindafjord | 469322 daa     | 620590 daa        | 852          | 681             | 80         | 689 daa                       |
| Sauda      | 186700 daa     | 546330 daa        | 142          | 66              | 46         | 2829 daa                      |
| Suldal     | 644618 daa     | 1736880 daa       | 650          | 414             | 64         | 1557 daa                      |

**Tabell 1:** Tabellen syner det teljande arealet i dekar og tal felte hjort siste år for valda i kommunane som er tilslutta samarbeidet i det regionale hjorteviltutvalget

## 1:3 Vurdering av bestandsutvikling for regionen samla

For regionen her hadde ein den høgste avskytinga i 2009 med 2 388 felte dyr totalt. Deretter gjekk fellingstala nedover nokre år og lågaste talet hadde ein i 2015 med 1 800 felte hjort. Deretter har fellingstala auka igjen og i 2017 vart det felt 2.047 hjort. Fellingsprosenten har gått jamt nedover frå 2009 til 2015 til tross for at tildelingane vart redusert. Frå 2015 har den igjen auka og var i 2017 på vel 73 % som er den høgaste sidan 2009.

Ei samla vurdering utifrå fellingstal og Sett hjort er at det no har vore vekst i bestanden nokre år og at ein no truleg har minst like stor hjortebestand som åra før 2010.



**Figur 1:** Viser tal tildelte og felte dyr på den venstre aksene og fellingsprosenten på høgre akse.


# 2: Måloppnåing for avskyting i høve føregåande plan

## 2:1 Mål for avskytingstal

Kortsiktig mål for avskytinga var å auke avskytinga frå ca 2.300 dyr i 2010 – 2012 til 2.500 i 2015. Dette har ein ikkje oppnådd då avskytinga tvert i mot årleg vart redusert fram til 2015 då det vart felt 1.800 dyr. Mest truleg har ein her som for resten av Vestlandet hatt ein bestandsnedgong i åra kring 2010 då ein hadde ei høg avskyting med ein høvesvis stor andel eldre dyr i uttaket. Samstundes var det nokre snørike vintrar i åra etter 2010 som truleg og har vore medverkande i indre delar av regionen. Ei redusert avskyting med ein aukande andel kalv og ungdyr i åra fram til 2015 har gjeve grunnlag for ny bestandsvekst.




## Andel kalv og ungdyr i jaktuttaket



**Figur 2:** Andelen kalv har lenge lege rundt 25 % av jaktuttaket og har dei siste åra auka noko og har vore ca 27 % dei siste åra. Spissbukk har nokre år utgjort godt over 20 % som er i meste laget i høve kjønnsbalansen i jaktuttaket då andelen fjorkoller har vore vesentleg lågare. Målet for føregåande plan var at spissbukk ikkje skulle utgjere meir enn 15 % så her har ein ikkje nådd målet. Kalv og ungdyr har samla sett dei siste åra utgjort 62 – 64 %.

## Andel eldre dyr i jaktuttaket



**Figur 3:** Som ein fylgje av at andelen kalv og ungdyr er auka noko er andelen eldre dyr redusert tilsvarande. Fordelinga mellom kalle og bukk har dei siste åra vore nokolunde jamn samla sett med litt årlege variasjonar. Samla sett har det vore ei overvekt av kalle i perioden.

## 2:2 Måloppnåing for fordeling av jaktuttak

Måla fram til 2015 var å auke andelen kalv frå ca 26 % til 32 % og andelen spissbukk skulle reduserast frå ca 17 % til maks 16 % av jaktuttaket. Eldre hodyr skulle aukast frå ca 22 % til 25 %, fjorkoller skulle utgjere 15 % som tidlegare og andelen bukk skulle reduserast frå ca 21 % til 15 %.

I høve kalv så har ein i perioden nokre år så vidt vore over 27 % , men er langt frå målet på 32 %.


For spissbukk så har ein auka andelen spissbukk som på det meste har utgjort over 23 % av det årlege jaktuttaket. Ein er her og langt frå målet om reduksjon.

Fjorkoller har nokre år utgjort litt over 15 % og nokre år litt under. I høve dette har ein nådd målet.

Målet om at andelen eldre hodyr skal aukast frå 22 til 25 % har ein heller ikkje nådd då denne andelen har vorte redusert i staden for auka og har dei siste åra har lege mellom 18 og 20 %.

For eldre hanndyr så har ein delvis nådd målet då denne delen av jaktuttaket er redusert frå om lag 22 % til å variere mellom 17 og 19 % siste 6 åra.

## Fordeling av jaktuttak på kjønn




**Figur 4:** Samla sett for alle årsklassar har det dei siste åra har det vore ei lita overvekt av hanndyr i uttaket. Dette skuldast i hovudsak at andelen spissbukk har vore vesentleg høgare enn fjorkoller. For dei andre årsklassane har fordelinga vore nokolunde jamn med ei lita overvekt hannkalvar i høve hokalvar.

## 2:3 Måloppnåing for kjønnsbalansen i jaktuttaket

Føregåande plan har hatt mål om ei overvekt av hodyr i jaktuttaket. Som det går fram av diagrammet ovanfor så har det motsette vore tilfelle med ei aukande overvekt av hanndyr. Ein har heller ikkje her nådd måla. Den høge andelen spissbukk dei seinare åra er hovudårsaka til dette då ein har redusert andelen bukk noko.





### 3: Sett Hjort

Sett hjort er eit statistisk basert styringsverktøy som er basert på at jegerar registrerar tal observerte hjort under jakta. Dette i saman med opplysingar om jaktinnsats samt felte dyr dannar grunnlaget for å rekne ut ei rekkje indeksar. Endringar av desse indeksane over tid gjev det signal om endringar i bestandsmessige tilhøve.

Grunna årlege variasjonar, tilfeldige avvik og at hjorten har store leveområde kan ikkje resultatet herifrå nyttast på små einingar som mindre vald og jaktfelt. Data vert registrert særskilt for innmark og utmark. Sett hjort data frå innmarksjakt syner seg å variere mykje einskilde år utan at det kan forklarast utifrå bestandsmessige tilhøve. Ein reknar difor at tala frå utmarksjakt gjev dei sikraste indikasjonane på bestandsvariasjonar.

#### 3:1 Datagrunnlaget - dårleg oppslutnad om Sett hjort


Sett hjort er det beste verktøyet ein i dag har for å kunne sjå bestandsmessige endringar. Kvaliteten og presisjonen på det er i stor grad avhengig av datamengda i form av registrerte jegerdagar som vert lagt til grunn for utrekning av indeksane. Dess større datagrunnlag som er lagt til grunn dess mindre innverknad vil tilfeldige feil og avvik i registreringane få på indeksane.

Frå ein starta registreringane var det ein auke i talet registrerte jegerdagar fram til 2012 med 4.331 jegerdagar for deretter å gå nedover. Dei 2 siste åra har det igjen vore ein liten auke og for 2017 vart det registrert vel 3.600 jegerdagar. Datamengda for område samla sett er uavhengig av dette for låg utifrå det ein kan forvente og det bør arbeidast for å få auka oppslutnad om Sett hjort registreringane i regionen.

Hovudtyngda av dei registreringane som er lagt til grunn her kjem i frå Vindafjord, Suldal og Etne der det er brukbar oppslutnad medan det for dei andre kommunane er særst tynt eller manglar heilt.

#### 3:2 Sett hjort pr jegerdag

Når forrige planen vart utarbeidd låg indeksen for Sett hjort pr jegerdag kring 1,7 og målet har vore å redusere bestanden noko og indeksen skulle ned til 1,5 Sett hjort pr jegerdag. Indeksen gjekk ned nokre år og var på det lågaste 1,3. Dei 3 siste åra har det vore ein årleg auke og for 2017 var den på 1,64. Utifrå kan ein sei at ein nådde målet nokre år men at den no er i auke igjen og no høgare enn målsetjinga. Sett hjort pr jegerdag syner dei siste åra ein eintydig auke noko som tilseier at det er vekst i bestandane.




**Figur 5:** Indeksen for Sett hjort pr jegerdagsverk gjev uttrykk for endringar i bestandstettleiken. Den blå kurva syner indeksen for Sett hjort pr jegerdag medan den raude syner datamengda som ligg til grunn for indeksen i form av tal registrerte jegerdagar. Som ein ser var datamengda låg fyrste året og auka sidan fram til 2012 for deretter å avta nokre år. Dei 2 siste åra har det igjen vore auke i datamengda noko som er positivt.



3:3 Sett kolle pr bukk

Indeksen er jamleg redusert sidan 2013 noko som tyder på at det dei siste åra har vorte meir hanndyr i bestanden. At indeksen har vorte redusert samsvarar ikkje heilt med jaktuttaket der ein har hatt ei aukande overvekt av hanndyr sidan 2013.

For 2017 er indeksen igjen auka til 1,64, men ein treng data for fleire år for å sjå om dette er ei utvikling som held fram. Då indeksen dei fleste åra ligg godt over 1,5 så kan ein ikkje sei ein heilt har nådd målet.




**Figur 6:** Sett kolle pr bukk gjev uttrykk for kjønnsfordelinga blant dei vaksne dyra i bestandane. Ein skal vere klar over at indeksen ikkje speglar den faktiske fordelinga i bestandane. Resultat frå Overvakingsprogrammet for hjortevilt syner at bukkane lettare let seg observere enn kollene og såleis er det færre bukk pr kolle i dei faktiske bestandane enn det Sett hjort tilseier.



3:5 Jakttrykk

Som ein ser så er det langt større sjanse for ein bukk å bli felt enn for ei kolle. Det har no nokre år vore nedgong i andelen felte av sette for alle kategoriane noko som er med å underbyggjer at det er vekst i bestanden utifrå Sett hjort pr. jegerdag. Reduksjonen er størst for bukkar noko som samsvarar med at andelen bukk i jaktuttaket er det som er redusert mest.




**Figur 7:** Viser kor stor del av dei dyra som vert sett under jakta som vert felt i % av observerte dyr. Desse indeksane kallar ein for jakttrykk. Om indeksane endrar seg vesentlig over tid kan det vere med å underbyggje t.d. auke eller reduksjon i indeksane for bestandstettleik (Sett hjort pr jdv/time).

3:4 Sett kalv pr kolle

Indeksen for Sett kalv pr kolle gjev uttrykk for reproduksjonsevna i bestandane. Dette avheng av kondisjonen og aldersfordelinga blant dei vaksne hodyra i bestanden. I dei fleste tilfelle vil det vere ynskjeleg med ein høg og stabil produksjon av kalvar i bestanden. Viktigaste kriteriet i så måte er høg gjennomsnittsalder hjå dei vaksne dyra i bestanden. Beste måten å sikre det på er at kalv og ungdyr utgjer ein stor del av jaktuttaket og vaksne dyr då tilsvarande mindre del. Indeksen her har vore aukande dei siste 3 åra.

Målet for Sett kalv pr. kolle har vore å auke indeksen frå 0,63 til 0,65. Dette har ein klart då den dei 2 siste åra har vore over 0,65. Dette skuldast mest truleg at ein har redusert andelen eldre hodyr i jaktuttaket frå godt over 20 % i åra før 2013 til sidan å ligge under 20 % med litt årlege variasjonar.



**Figur 8:** Syner kor mange av dei observerte kollene som har kalv.



# 4: Slakteveker for kalvar og ungdyr


Slaktevektene kan sei noko om vekt og kondisjonsutviklinga i hjorteviltbestandane. Kvaliteten på utmarksbeita som påverkar vektutviklinga til særskilt kalvar kan variere ein del frå år til år. Dette gjer det vanskeleg å kunne samanlikne vektene frå eit år til neste, men over fleire år vil ein kunne sjå om det er tendensar i vektutviklinga.

## 4:1 Datagrunnlaget

Vindafjord har registrert slakteveker for kalv og ungdyr med god oppslutning sidan 2006, Etne har det same frå 2011 medan Tysvær og Bokn har registrert dette for nokre dyr nokre år. Det er desse registreringane samla sett som ligg til grunn for diagramma nedanfor. Kor mange individ som ligg til grunn for slaktevekttala her varierar litt frå år til år. I gjennomsnitt så ligg er 46 hankalvar, 34 hokalvar, 63 spissbukkar og 51 fjorkoller til grunn for gjennomsnittsvektene.

## 4:2 Gjennomsnittlege slakteveker for kalvar


Det er ikkje noko eintydig utvikling for slaktevektene på kalvar som med unntak av for 2015 synest å vere nokolunde jamne. For 2015 er slaktevektene for hokalv uvanleg høge med 28,8 kilo i gjennomsnitt som er høgare enn for hankalvane som det året og var høge med 28,4 kg. Dette kan tyde på at det har vore ein god beitesesong dette året, men at kollekalvane veg meir enn bukkekalvane dette året må skuldast tilhøve kring registreringane.



**Figur 9:** Viser gjennomsnittlege slakteveker for kalvar som er registrert i regionen.

## 4:3 Gjennomsnittlege slakteveker for ungdyr

Det er ikkje nokon eintydig trend for utviklinga av slaktevektene for ungdyr heller. 2015 skil seg ut her og med høge veker særskilt for fjorkoller. Skilnaden på slaktevektene mellom fjorkolle og spissbukk er og liten i høve det som er vanleg nokre andre år. Vektene for spissbukk har auka litt til i åra etter 2015 medan dei for fjorkoller har gått ned til nivået dei var tidlegare.



**Figur 10:** Viser gjennomsnittlege slakteveker for ungdyr som er registrert i regionen.

## 4:4 Måloppnåing for slakteveker

Måla for utvikling av slaktevektene har vor å auke desse til eit gjennomsnitt på 25 kg for hokalvar, 27 kg for hankalvar, 46 kg for fjorkoller og 48 kg for spissbukk. For kalvar så har det vore ein liten auke i vektene fram til 2015 for deretter å gå noko ned igjen. Om ein ser gjennomsnittet for dei 3 siste åra så er det 25,3 kg for hokalvar, 26,0 kg for hankalvar, 43,6 kg for fjorkoller og 48,7 kg for spissbukk. Slik sett har ein nådd måla for hokalvar og spissbukk men ikkje for fjorkoller og hankalvar. Målet om 46 kg for fjorkoller kan og synast å ha vore noko høgt i høve målet om 48 kg for spissbukkar.





# 5: Påkøyningar av hjort

Sidan 2012 har det vore ein jamn auke i talet registrerte påkøyningar fram til 2016 då det i alt vart registrert 63 påkøyningar av hjort. I 2017 gjekk talet ned igjen til 51. Når førre plan vart utarbeidd i 2012 var det sett som mål å redusere talet frå dåverande 29 påkøyningar til 22 noko ein då langt frå har klart. Ulike værtilhøve og snømengd kan gjere at talet påkøyningar varierar frå år til år, men om ein ser utviklinga over nokre år vil bestandstettleiken og ofte syne igjen i talet påkøyningar. Trafikkmengda vil og sjølvst og påvirke dette, men om det ikkje er gjort større endringar på vegnettet vil denne vanlegvis ikkje variere mykje frå år til år. Utifrå auken i talet påkøyningar tyder dette då at det har vore ein bestandsauke dei seinare åra.



**Figur 11:** Viser kor mange hjortepåkøyningar det er registrert samla for regionen i hjorteviltregisteret sidan 2010.



# 6: Overvåkingsprogrammet for hjortevilt

Dette programmet har sidan 1991 fylgt utviklinga i hjortebestandane gjennom innsamling av kjevar for aldersbestemming av dei felte dyra i ulike regionalar. I tillegg har det vore samla inn kjønnsorgan (ovariar) frå hodyr. Dette i lag med data om slaktevektar og fellingstidspunkt m.v. har gjeve grunnlag for mykje nyttig kunnskap om hjorteviltbestandane og stoda for desse i høve kjønns og alderssamansetjing, reproduksjon m.v.

På Vestlandet er no kommunane Flora og Gloppen med i region Sogn og Fjordane og Kvinnherad kommune utgjør region Hordaland.


Avskytingsmønster og bestandsutvikling har med litt lokale variasjonar vore mykje godt likt over heile Vestlandet i perioden overvakingsprogrammet har pågått. Utifrå dette kan ein leggje til grunn at resultata frå overvakingsregionane på Vestlandet og er gjeldande her.

Det er Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) som er ansvarleg for gjennomføring og oppfølging av overvakingsprogrammet.

## 6:1 Reduserte slaktevektar

I takt med bestandsauken har det i perioden overvakingsprogrammet har pågått vore ein jamn nedgang i slaktevektene for dei ulike årsklassane. Dette fylgjer av reduserte vektar for kalvane noko som fylgjer dei igjennom heile livsløpet.

Diagrammet nedanfor syner utviklinga for gjennomsnittlege slaktevektar for kalvar og ungdyr i overvakingsregion Sogn og fjordane.




**Figur 12:** Syner utviklinga av slaktevektene i regionen Sogn og Fjordane for kalv (nedst) og fjordyr (øvt) i perioden Overvakingsprogrammet har pågått. Kvaliteten på utmarksbeita kan variere ein del frå år til år. Dette gjer det vanskeleg å kunne samanlikne vektene frå eit år til neste, men over fleire år vil ein kunne sjå om det er trendar i vektutviklinga.



6:2 Redusert reproduksjon

Andelen 2 årige koller som har kalv er meir enn halvert i tidsrommet overvakingsprogrammet har pågått. Dette heng direkte saman med lågare vektor og dårlegare kondisjon hjå dyra.



**Figur 13:** Diagrammet til venstre synleggjer bestandsveksten i perioden i form av tal felte hjort pr 1000 daa, medan det til høgre synleggjer reduksjonen i reproduksjon gjennom kor stor andel 2 årige koller som har kalv. Sidan programmet starta er andelen 2 årige koller som har kalv meir enn halvert.

6:3 Kjønnsbalanse

Resultat frå Overvakingsprogrammet for hjortevilt syner at det er ein liten andel vaksne hanndyr i hjortebestandane på Vestlandet. Dette skuldast ei overvekt av hanndyr i jaktuttaket over lang tid.

NINA har freista å rekonstruere korleis bestandane i dei ulike overvakingsregionane såg ut før jakta i 2006. Tabellen nedanfor syner totalbestanden for dyr som er 2 år og eldre og gjennomsnittsalderen til desse. Som ein ser så er det sær s få hanndyr i høve hodyr samstundes som gjennomsnittsalderen særskilt for bukk er låg.

| Overvakingsområde   | Gjsn alder koller | Tal koller i bestand | Gjsn alder bukkar | Tal bukk i bestand |
|---------------------|-------------------|----------------------|-------------------|--------------------|
| Hordaland           | 5,0 år            | 2334                 | 3,4 år            | 633                |
| Flora og Gloppen    | 5,2 år            | 2562                 | 3,0 år            | 693                |
| Hemne og Snillfjord | 5,2 år            | 1352                 | 3,0 år            | 431                |

**Tabell 2:** Viser tal hann og hodyr 2 år og eldre i dei rekonstruerte bestandane og gjennomsnittsalderen deira.

7: Tiltak for å møte utfordringane for hjortebestandane

NINA peikar i rapporten «Framtidig forvaltning av norske hjortebestandar – utfordringar knytt til bestandstettleik og demografi» på desse hovudutfordringane for hjortebestandane på Vestlandet:

- Låg gjennomsnittalder for dei vaksne dyra
- Reduserte slaktevektor
- Dårligare kondisjon
- For lite vaksne hanndyr i bestandane

7:1 Auke andelen kalv i jaktuttaket

Ved å leggje ein større del av jaktuttaket på kalvar og ungdyr vil ein auke gjennomsnittsalderen hjå dei vaksne dyra i bestanden. Ein må samstundes auke det totale jaktuttaket for å unngå bestsandsvekst. Med auka gjennomsnittsalder på kollene i bestanden vil på sikt andelen koller som har kalv auke.

7:2 Redusere andelen spissbukk og bukk i jaktuttaket

Spissbukk har dei seinare åra utgjort godt over 20 % av det samla jaktuttaket. Sjølv om det er ein fordel med ein stor del av jaktuttaket på kalvar og ungdyr så vert dette feil i høve kjønnbalansen då andelen fjorkoller er vesentleg lågare. Andelen bukk (eldre hanndyr) har etter 2012 vorte redusert noko og har dei siste åra variert mellom 17 – 19 %. For å auke andelen vaksne hanndyr i bestanden bør ein redusere dette ytterlegare.

7:3 Ha ei overvekt av hodyr i jaktuttaket

Hovudårsaka til at ein har for lite hanndyr i høve hodyr i bestanden er at ein over lengre tid har hatt ei overvekt av hanndyr i jaktuttaket. For å rette opp dette og for å stogge bestandsveksten bør ein ha ei overvekt av hodyr i jaktuttaket nokre år framover.

7:4 Auke det totale jaktuttaket

Jaktuttaket har vore betydeleg redusert ein del år etter 2010 då ein mest truleg hadde ein liten bestandsreduksjon. Samstundes som jaktuttaket har vore redusert har andelen eldre hodyr i jaktuttaket vorte redusert. Dette har gjeve grunnlag for auka vekst i bestanden. Ved å leggje ein større del av jaktuttaket på kalv så må ein og auke det totale jaktuttaket for å klare å stogge bestandsveksten. Jaktutaket har auka dei 2 siste åra men bør aukast ytterlegare for å klare dette.



## 8: Utfordringar i høve forvaltninga

Det er mange kommunar innan regionen og i tillegg er det mange små vald i kvar kommune. I nokre av kommunane er det ein del litt større vald med bestandsplanar, men berre ein mindre del av tildelinga vert gjort til bestandsplanar. Det truleg heller ingen av valda med bestandsplan som femner om store nok areal til at dei åleine kan drive ei målretta bestandsforvaltning.

Ved retta tildeling til vald utan bestandsplan ser ein ofte at avskytinga vert skeiv i høve tildelingane og det som er ynskjeleg då dei fleste feller alt dei har løyve til av hanndyr, men ofte ikkje fylgjer opp i høve kalv og hodyr. Ein får såleis lite styring og kontroll på avskytinga med retta tildeling.

Det er difor eit overordna mål at det er jaktrettshavarane sjølve som skal ta ansvaret for å forvalte hjortebestandane gjennom bestandsplanar. Dette vert tydeleg presisert i rettleiaren til hjorteviltforskrifta der det til § 15 om bestandsplanstår: «Bruk av bestandsplan skal være hovedregelen ved forvaltning av elg og hjort. Det er i første rekke jaktrettshavernes ansvar å planlegge avskytingen i forbindelse med bestandsplaner.».

Det er berre ein mindre del av fellingsløyva i regionen som vert tildelt i samsvar med bestandsplanar.

### 8:1 Etablere samarbeid om bestandsplanar

For å kunne drive ei målretta bestandsforvaltning må bestandsplanane femne om størstedelen av årsleveområda til dei «lokale» hjortebestandane. Det finns ingen heilt avgrensa hjortebestandar. I dei fleste område heng «lokale bestandar» saman med «bestandar» frå andre område ved at ein del av dyra derifrå i delar av året er i same område som dyr frå andre «bestandar» eller gjennom ut og innvandring (migrasjon) av dyr mellom ulike område. Å snakke om lokale bestandar blir såleis kanskje feil, men det ein må fokusere på er hovudtyngda av hjort i eit område og kva område som er viktige for dei gjennom heile året.

I området her og andre stader er det gjennomført fleire merkjeprosjekt for hjort. Kunnskap frå desse i lag med lokal kunnskap om trekkveggar m.v. bør nyttast til å freiste å avgrense ulike «bestandar» innan regionen.

### 8:2 Bestandsplanområde

Ved å få etablert bestandsplanområde for dei «bestandane» ein avgrensar så bør valda innan området samarbeide om felles bestandsplan. Valda treng ikkje slå seg saman, alle treng heller ikkje vere med men likevel kan ein få lagt grunnlaget for ei felles og målretta forvaltning.

Det bør difor vere ei prioritert oppgåve å få etablert samarbeid om bestandsplanar for større område.

### 8:3 Auka oppslutnad om Sett hjort registreringane

For å kunne følgje utviklinga i hjortebestandane og fange opp endringar i tide er det viktig med gode styringsverktøy. Ein har ikkje tal for bestandsstorleik og er avhengig å «navigere» forvaltninga etter endringar i bestandane noko ein ikkje kan sjå før etter at endringane har skjedd. Sett hjort reknar ein i dag for å vere det beste verktøyet ein har for å kunne sjå endringar og gjere endringar i tide om det skulle vere naudsynt. Sett hjort er eit statistisk verktøy og datamengda og kvaliteten på dei data som vert lagt til grunn såleis er av betydning for presisjonen på dei resultata ein får ut. Ved aukande datamengd vil tilfeldige feil og avvik gjere mindre utslag og ein vil kunne stole meir på indeksane og sjå endringar tidlegare.

For området her har det vore bra oppslutnad om registreringane i Vindafjord, Suldal og Etne medan det for dei andre kommunane er særst tynt eller manglar heilt.

Det bør såleis vere eit fokus framover å få oppslutning om Sett hjort registreringar i alle kommunar og at så mykje data som mogleg vert registrert.

## 9: Mål for bestandsutviklinga framover

Det overordna målet er å leggje grunnlaget for ei robust og produktiv bestand som gjev grunnlag for eit årleg uttak på ca 2.300 dyr innan regionen. Bestandstettleiken er noko ulik innan regionen, men med unntak av vestre delar av Tysvær og Karmøy der det er ynskja å auke bestanden noko er målet å stogge bestandsveksten. Utifrå målet om ei meir robust og produktiv bestand bør fordelinga av avskytinga vere lik for heile regionen. Meir lokale tilpasningar etter ynskje om å auke eller redusere bestanden bør gjerast igjennom redusert eller auka totaluttak.

### 9:1 Delmål

- Auke gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden
- Forbetre kjønnsbalansen i bestanden - Snu trenden i Sett kolle pr bukk og på sikt kome under 1,5
- Auka slaktevekt på kalvar og ungdyr – følgje opp slaktevektregistreringane for kalv og ungdyr
- Auka produktivitet i bestanden - auke i indeksen for Sett kalv pr kolle

### 9:2 Fordeling av jaktuttak

Det årlege jakttutaket framover bør ha ei slik fordeling:

- Minimum 35 % kalv av samla uttak
- Maksimum 15 % eldre hanndyr
- Maksimum 15 % spissbukk
- Minimum 35 % hodyr 1,5 år og eldre
- Fordelinga mellom kjønn for alle årsklassar samla skal ha ei overvekt av hodyr







## **[www.hjortesenteret.no](http://www.hjortesenteret.no)**

Norsk Hjortesenter er et nasjonalt kompetansesenter for å utvikle hjort som ressurs. Senteret er organisert som en ideell stiftelse med oppbygging og formidling av kunnskap om viltlevende hjort og hjort i oppdrett som sin primære oppgave. Norsk Hjortesenter er et viktig bindeledd mellom sentrale offentlige myndigheter, forskning, lokale forvaltnings- og fagmiljøer, rettighetshavere og allmennheten.



### **STIFTELSEN NORSK HJORTESENTER**

Postadresse: N-6914 Svanøybukt - Telefon: + 47 57 75 21 80 • E-post: [hjort@svanoy.com](mailto:hjort@svanoy.com) • [www.hjortesenteret.no](http://www.hjortesenteret.no)

A til Å - [www.atilaa.no](http://www.atilaa.no) - Foto: J.T. Solheim